

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 21.05.2024

Vår ref.: 202312226-4 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av melding om konsesjonsplikt Tongane kraftverk i Vindafjord kommune i Rogaland

NVE har motteke melding frå Per Bakkedal på vegne av Johan Magnus Marvik, datert 9.8.2023, om førehandsvurdering av konsesjonsplikt for Tongane kraftverk. Kopi av meldinga er lagt ved.

Meldinga skal behandlast etter vassressurslova § 18 og vurderast etter vassressurslova §§ 8 og 10. NVE skal på bakgrunn av meldinga vurdere om tiltaket kan føre til skader og ulemper av eit slikt omfang for allmenne interesser, at det oppstår konsesjonsplikt etter vassressurslova.

Omtale av tiltaket

Minikraftverket er planlagt i Tongjabekken i Vindafjord kommune. Inntaket er planlagt på kote 164 og vil danne eit magasin på ca. 80 m³. Derifrå vil vatnet gå i eit om lag 710 m langt nedgrave røyr. Kraftstasjonen er planlagt på kote 74 og vil vere eit bygg på ca. 20 m². Nedbørsfeltet er 2,2 km² med middelvassføring på 170 l/s. Alminneleg lågvassføring er i NEVINA berekna til 2,2 l/s. Det er planlagt slipp av minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring. Kraftverket vil ha ein Peltorturbin med maksimal effekt på 300 kW. Årleg middelproduksjon vil vere om lag 1 GWh og kraftverket skal gje straum til eigen gard. Overskotskraft vil bli selt ut på kraftnettet og gje tilleggsinntekt til garden.

Kva gjer du dersom du ønskjer å uttale deg?

NVE ser helst at uttalar vert sendt elektronisk til uttalelse@nve.no. Merk e-post med «Høyringsuttale 202312226» i emnefeltet, og skriv namn og organisasjonsnummer i innleiinga viss du representerer ei verksemd.

Frist for innsending er **1.7.2024**.

I tillegg kan du sende uttalar per post til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 Oslo. Uttalar, eller delar av uttalar vil bli referert i eit endeleg vedtak.

Informasjon til høyringspartane

Vi ber kommunen informere om kjende allmenne interesser blir påverka av tiltaket. Dette kan vere friluftslivsinteresser, kulturminne, verdifulle naturtypar, raudlista artar og



informasjon om vilt. Det er også av interesse for oss å få informasjon om planstatus, status i forhold til vassforskrifta, eksisterande vassuttak eller andre aktivitetar i vassdraget osv.

Vi ber Statsforvaltaren og fylkeskommune om å vurdere om kjende allmenne interesser kan bli påverka, og i tillegg om å vurdere tiltaket opp mot sine sektorlover.

Dersom det er aktuelt å synfare prosjektet vil vi invitere dykk med.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Thomas Haugland
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter til interne rutinar.

Mottakarliste:

ROGALAND FYLKESKOMMUNE
STATSFORVALTEREN I ROGALAND
VINDAFJORD KOMMUNE

Kopimottakarliste:

Per Bakkedal